

Ola Jonsmoen

Avisdikt i Norge – bok på esperanto i Italia

Om alvdølen Kjell Walraamoen

Akvarellar ved Unni Lise Jonsmoen


Ikkje alle les dikt, det veit eg meir om enn dei fleste, men somme er det som iallfall av og til finn glede (eventuell forarga ettertanke) ved det som heiter lyrikk, eller poesi som ein gjerne sa om stemningsfylt diktning. Det ein i tidlegare tider oftast tenkte på var lyrikk i strofisk form, aller helst med rim.

Det var ikkje bare forlaga som tok hand om lyrikken, og gav ut diktsamlingar i tunne bøker med mjukt omslag. Dei store avisene sette av romsleg med plass til dikt. Dagbladet og Aftenposten var til dømes ofte fødselshjelparar for unge lyrikarar. I dag ser det ut til å vere rein fortid for dei fleste storavisene.

Regionavisene og lokalavisene opna også sine "lokale hjørne" for poetar, slik dei i motsetnad til rikspressa gjer det den dag i dag. Eg trur avisene verken ser det som eit litterært offer eller ei kulturell velgjerning, men fordi det alltid er noen rundt om i bygdene som uttrykker seg i dikts form, finn redaktøren spalteplass som marknadsstrategi. Avisene veit dei ikkje skal undervurdere lesarane sine. Kjensleutbrot, meiningsytringar eller bare muntre vers og rimfletta storfer ikring eit humoristiske poeng, har ein liten, trufast flokk av lyrikklesarar, for ikkje å seie lyrikkelskarar. Mjuke naturstemningar krev andre

språklege uttrykk enn rask journalistikk, for ikkje å nemne skjemanorsk. Det i seg sjøl skaper variasjon og lesarglede, kanskje til og med inspirerer til nye tankar.

Ein av dei som i årvis markerte seg med dikt i Fjell-Ljom og Østerdølen (Østlendingen), var Kjell Walraamoen (1931 – 2005) frå Alvdal. Eg hugsar eg tidleg festa meg ved det han skreiv.




Kjell Walraamoen (1931 – 2005).

Dikta hans bar bod om ein mann som fann ord for situasjonar, stemningar og tankar ein ikkje var van med å sjå på trykk i lokalavisene. Dikta stod oftast på dei sidene der ein også fann publikums røst, men dei var umiskjenneleg annleis enn mye av det som der kom på trykk.

Kjell Walraamoens dikt skilte seg ut, og hadde noe ved seg som var attkjenneleg karakteristisk. Dei hadde elles ulik utforming. Somme gonger var dei rytmisk regelbundne vers med fast rim-mønster, andre gonger var dei meir moderne i forma, av og til korthogne som epigram. Eg synes å hugse at eg alltid oppfatta det Kjell Walraamoen skreiv som dikt skrivne "i fullt alvor". Han skreiv for å meddele noe som var viktig for han. Naturlegvis kunne det vere rein ordleik og ordglede, men samtidig noe meir i dei stemningane han gav att i naturlyrisk form, eller i refleksjonar der han lykkast med å finne den dobbeltbotna uttrykksmåten som karakteriserer eit dikt. Kanskje skreiv Kjell Walraamoen best når han brukte sine egne røynsler frå kvardagsliv og bygdesamfunn som emne. Dikta hans pendla mellom spontan livsglede, kjenslerike utbrot i lykke, og mørke uttrykk for smerte og sorg.

Det var på 1970-talet Kjell Walraamoen var mest produktiv med dikt til avisene. Han skreiv dikt både før og etter den tid, og det kan godt vere han skreiv dikt i fleire aviser enn dei eg las. Det er såleis sannsynleg at eg bare fekk med meg ein brøkdel av det han skreiv. Usannsynleg ville det vere at eg skulle hugsa anna enn glimt av dikta hans. Men eg veit dei gjorde inntrykk. Det måtte vere noe med dei, og etter mange år med undring over kva dette var, tok



eg omsider kontakt med dotter hans, Borghild Avestruz. Ho bur på Valråmoen, og eg fekk låne noen dikt ho hadde gjømt på. Seinare gjorde Borghild ære på far sin med å få kopiert dikt frå avisene, slik at eg kunne bli kon-

frontert med mine egne erindringer. Eg har fått konstatert at det må vere rett det eg hugsar. Det er noe ved fleire av dikta hans som er vel verd merksemd og ettertanke. Dette diktet frå 1970 med tittelen ”Langt sledespor” skisserer eit motiv som Kjell vender tilbake til, og som rommar spennet i dei tankane han tumla med og det livet han levde i sine kvardagar, der strev og lengslar vov seg saman og utgjorde hans skjebne.

*Sakte seig
sleden fram
gjennom kvitstilla
langs bygdevegen
bortetter–*

*Anders Jehans
køyrde son sin
til kyrkjegarden –*

*Nær natta
svinga sleden
gjennom gardsleet
tomreipes –
medan stjernehimmlen
var eit stivna
gråtandlet,
og blåljøset
teikna tunne band
i eit langt sledespor
heimatt –*

Eg kjente ikkje Kjell Walraamoen personleg, men eg prøvde eingong å få han med på ei tilstelling på Husan-tunet, bygdemuseet i Alvdal, under ”Midtsommardagane”. Tanken var at Ola Bihaug skulle fortelje og Kjell lese egne dikt. Kjell sa at han skulle tenke på det – slik nordøsterdøler gjerne svarar når dei er i tvil og helst vil svare nei –

og han kom ikkje. Eg veit ikkje kvifor, men kan tenke meg at han skygde unna å stå fram for sambygdingane sine som diktar. Kanskje hadde han eingong kjent snerten av ein flir i ei munnvik. Det trengs bare eit stutt steg utanom den uskrivne normen for aktverdige kvardagar før noen finn glede i ordlaust å fortelje at dikt er lite å leve av i kvardagen. Borghild Avestruz fortel forresten at ho ikkje hadde inntrykk av at far hennar vart sett skeivt til av grannar og bygdefolk fordi han skreiv dikt i avisene. Men korleis Kjell sjøl opplevde sin eigen situasjon, veit nok ikkje eingong dotter hans, langt mindre vi andre. Kjell var ikkje av dei som bar sitt sjelsliv som pynt på jakka. ”Tårer har jeg også. Men dem jeg skjuler godt”, seier han i ”Vandrervise”.

Det er ikkje gjort urett mot noen om vi seier at dikta han skreiv var forsøk på å skape balanse mellom det gråe kvardagsstrevet og vagabondens ønske om fritt å kunne erobre verda og parnasset. Annleis sagt, dikta opna for det han bar på inst inne i seg. Det han elles ”skjulte godt”, røpar han i det han skriv. Her kjem motgang og sorg til syne, eit visst opprør òg for den del, saman med ei nærast naiv kjensle av naturen som ei kjelde til trøst og fornying.

Ikkje underleg at Tor Jonsson er ein lyrikar han såg opp til og heldt som sitt forbilde. Slik avsluttar han diktet ”Ved Tor Jonssons kvilestad”:

*Takk, Tor Jonsson
for dagbok og for nesler,
og for grågrendes kvite
juniroser –*

Kjell Walraamoen var ein lesande mann. Det er ikkje bare i dette diktet med referansar til Tor Jonssons debut-samling *Ei dagbok for mitt hjarte* og artikkelsamlinga *Nesler* vi finn litterære allusjonar. I mange av tankedikta hans kan vi sjå spor etter omfattande kunnskap om moderne så vel som klassisk litteratur. Han las støtt, fortel Borghild, når han ikkje sjøl skreiv, og studerte ord, uttrykk og struktur også i bøker på framande språk. Men tida vart snau til slikt. Ein gard krev sin mann fullt ut. Det blir sjeldan tid til overs. Slik var det dei første etterkrigsåra på 60- og 70-talet, og slik var det og er det også etter at den moderne mekaniseringsindustrien endra livsrytmen i bygdesamfunnet.

Eg spør Borghild om far hennar gav uttrykk for at slitet på garden var eit ork

og ei plage, men ho trur ikkje at det eigentleg var slik. Men det ho kjenner seg sikker på er at han nok helst ville ha brukt tid og krefter på å skrive dikt og drive med avisarbeid. Han prøvde det òg som journalist i Toten blad, men kom heimatt til Alvdal etter tre månader, utan heilt å gje slepp på journalistikken. Kjell brukte fotoapparatet flittig. Aktuelle fotoglimt til dømes frå dagleglivet på ein gard, er rett som det er signert med "Tekst og foto: Kjell Walraamoen". I Fjell-Ljom laurdag den 20. mai 1972 ser vi eit sjarmerande foto av ei lita jente som steller med tre små kopplam, under tittelen "Bæ bæ lite lam": "I disse dagene er det blitt en del av slike yndige krølltopper igjen rundt om på gårdene. Full av livslyst danser de sin hoppvals omkring ute på jordene, for dem er all verden den grønne enga,



"Bæ bæ lite lam". Kjell Walraamoen sitt bilde av dottera Borghild og tre små kopplam.

og en mamma som passer på ... Men noen av disse små krypene er uheldig og mister sin mamma, og da må tåteflaska frem. Og her er det veslejenten Borghild som har måttet overta stellet av tre små morløse. Far har kanskje lovet henne en liten skilling til høsten hvis hun steller dem i sommer. – Og Borghild synes det er bare artig. – Tre små kroppar og ei lita matmor.”

Kjell Walraamoen har fleire foto med motiv frå natur og kvardagsstrev i bygde-Norge, gjerne med eit streif av nostalgi i seg, som i eit foto frå nybrottet, der vi ser eit tospann med kraftige dølaga framfor steindraget, følgd av ein tekst som fortel at i dag, det vil seie 30. mai 1972, er det dieselhestane som har tatt over dyrkinga av nytt åkerland der hest og folk sleit.

Slitet med jorda er ofte framme i det Kjell skriv. Etter kvardagsstrevet er det ikkje underleg at han trivst i setertraktene og i fjellet, både som fotograf og som bygdamenneske utan anna ærend enn å oppleve naturen som frikar. Det er karakteristisk for Kjells friheitslengsel at han skriv om å pakke sekken og stikk kursen mot Høstsjøen, der det surrar i fluesnella og det er fred å finne, slik han formulerer det til eitt av småstykkane sine. Eg legg elles merke til at han har ein tekst med foto av ”Borgen”, den vesle tømmerstua på ein haug ved Brænd ved Atnfossen i Sollia, der Hamsun sat og skreiv. I eit anna nummer av same avis (Fjell-Ljom) skriv han om Pans hytte, eit lite krypinn det var godt å finne mang ein søkkvåt kveld etter streiftog med fiskestonga. Naturroman-tikaren kjenner sin Hamsun.

Fjellet lokkar, men jorda bind drømmaren og diktaren til anna tidsfordriv

enn vandringar i naturen. ”Kumøkk og kvæ/ svette og fedrelandsstøv/ var mine forfedres kosmetika -” seier han i diktet ”Matrikkel”, der det vidare heiter


*”far min
far hans far
bestefar hans
og far hans igjen
hadde laud
i plogføring og februk
og tok ryggta på alvor
med hypotekens hammermester
bak samfunnets morkne likvoagn,*

*men jeg, bohemen
ble innskrevet
i landstrykernes matrikkel –*

*og ayatollaene i hjembygda
satte signetet sitt
nådeløst på meg:
Ættens gudsforlatte jyppling.”*

Er det ein beisk og miskjent forfattar vi møter i formuleringar som dette? Det kan like gjerne vere andre lagnader enn sin eigen Kjell Walraamoen skriv om. Han er ein skarp observatør, og har stor medkjensle med menneske som strevar med å tilpasse seg det godfolk helst definerer som trygg normalitet. Han legg ikkje fingrane i mellom når han skildrar dei gråaste sidene ved livet, og ikkje sjeldan ligg dei mange kvardagane i tung skugge, og mismotet breier seg:

*En veltet skigard,
ei morken grind –
tomme grender
likstrå-vind.*



Alvdølen Per Roar Øian var i fleire år forlagssjef i Noregs Boklag i Oslo. Han fortel at Kjell Walraamoen sende han ei samling av dikt, med tanke på å få forlaget til å gje dei ut i bokform. Forlagskonsulenten las dikta, og gav forlaget positiv tilråding om utgjeving, men hadde noen merknader og forslag om mindre endringar. Etter at Kjell fekk melding om det, og såleis burde ha vore svært fornøgd med utsiktene til å debutere som lyrikar, hørte ikkje forlaget meir frå forfattaren. Truleg makta ikkje Kjell å tolke konsulentutsegna i positiv retning, og gav opp. Om boka hadde kome ut vil eg tru Kjell Walraamoen ville ha fått påskuv til fleire bøker, og fått omtale og vorte rekna med som ein av fleire forfattarar frå Nord-Østerdalen. I eit lite intervju som journalis-

ten og forfattaren Oddvar Rakeng hadde med Kjell i Dagningen 4.8.1975 seier han forresten at norske forlag har refuset han opptil fleire gonger. Rakeng skriv elles at Dagningens lesere kjenner navnet Kjell Walraamoen frå "dikt vi har latt trykke med hans signatur. Han er alvdøl, med småbruk. Dette leier han bort ... For tiden jobber Kjell Walraamoen i Gjøvik der han monterer himlinger land og strand rundt. Tidligere har han vært ambulansesjåfør ved Lillehammer Fylkessykehus en tid, og sist vinter var han journalist på Toten – med dårlig lønn – legger han til".

På ein måte kan det vel seiast at Kjell gav opp på halvvegen. Det er med ein sjølironisk snert han skriv si "Hogger- vise":

Å, så liten som jeg er –
Men større kan jeg ikke bli,
for tenk om jeg ble dikter
med djupe tanker i!

En blir vel bare hogger
rett borti åsen her,
men ingensteds en dikter
så virkelig som der!

Der dikter jeg om frosten
og harde tanatrær,
der dikter jeg om jenter
og det som deilig er!

Der dikter jeg en himmel
for vrangen på vår vei,
og blir det ingen kubikk
så blir det vers til deg!

Den 28. oktober 1976 hadde avisa Fjell-Ljom ei heil side med dikt under ingressen ”Fjell-Ljom – en diktets avis”: ”Fjell-Ljom prøver å være en diktets avis. Vi gir i stor utstrekning plass for poesi som vi synes hører fjellheimen til, enten gjennom sitt innhold eller sin form. To av våre flittigste bidragsytere er Kjell Walraamoen og Simen Neverrøsten. Vi stiller denne siden til disposisjon for dem og noe av det fineste de har laget”.

Eg er ikkje samd med redaksjonen i at dei fire dikta Kjell her har på trykk hører til dei finaste han har laga, men diktet ”Då trur eg” er eit vitnemål om det Borghild, dotter hans, fortel om far sin. Han var humanetikar, opptatt av religion, prøvde å sette seg inn i ulike trusretningar, og hadde både Bibelen og Koranen som naturlege kjelder for sine religiøse spekulasjonar.

Eg trur ikkje på helvete.
Eg trur på sol og brist i knoppar
på regn og mognings mette kveld.
Då trur eg, Gud.

Eg trur på lauv som sprett
og blad som fell om haust
og kjem att neste vår –
Da trur eg, Gud.

Eg trur ikkje på helvetet.
Einast det som er ljøs
Er Gud –

I eit presseklipp utan dato eller avisnamn (kan det vere frå Østlendingen?) kan ein lese ”at alvdølen Kjell Walraamoen har fått en merkligere debut enn andre norske lyrikere. Han har nylig debutert med en diktsamling på esperanto sammen med den italienske forfatterinnen Lina Gabrielli. Walraamoen er den første nordmannen med en diktsamling på esperanto, og hans leserkrets er å finne over hele verden.”

Boka har tittelen *Ni devas vivi* (Vi må leve) og kom ut på Stafeto forlag, La Laguna (Kanariøyane), som nr 80 i ein litteraturserie, men var trykt i Italia i 1974 i heimbyen til Lina Gabrielli. Så langt eg veit er det ikkje mange esperantistar i Nord-Østerdalen. Sigurd Røsten i Folldal er det sagt var svært språk-kunnig, og meistra esperanto, men det er uråd å vite om dei hadde kontakt med kvarandre. Ifølgje Norsk Esperantoforbund er det ei dame i Tolga som er medlem av forbundet, og det kan sikkert vere andre som også meistrar språket utan at det er offentleg kjent, men det er lite som tyder på at Kjell hadde ei nært miljø av esperantistar å hente inspirasjon ifrå.

Dessverre hører heller ikkje eg til dei som forstår esperanto, slik at Kjells dikt, og han har fleire enn dei som er tatt med i *Ni devas vivi*, har uoppdaga bevert meining og lyriske kvalitetar for meg. Eg kjenner heller ikkje til korleis samarbeidet mellom han og den italienske forfattarinna kom i stand, men går ut frå at dei kom i kontakt gjennom dei interessene som dei openbart hadde til felles, esperanto og lyrikk. Og som sagt, Kjell var interessert i språk, og ein kan sjå av dikta hans at han har mange, til dels vel mange, referansar til ordlagingar som røpar kunnskap om det skrivne ord av ulikt opphav.

Douglas Draper ved Esperantokontoret i Oslo skriv dette: "Det kan virke som han skrev ganske intenst en kort tid i begynnelsen av 70-åra, under in-spirasjon av møte med Lina Gabrielli, men at han etterpå sluttet å bruke esperanto aktivt." Draper fortel at boka *Ni devas vivi* vart godt mottatt i esperanto-kretser, og Kjell Walraamoen fekk det internasjonale forbundets pris, "Nova talento, i 1973. Douglas Draper kan òg fortelje at Lina Gabrielli "skriver til oss frå tid til annan for å be oss ta inn et av diktene hans i medlemsbladet (jeg er redaktør) i anledning en eller annen årsdag."

I den artikkelen i *Dagningen* som eg alt har nemnt, blir det sagt at Kjell skriv dikt med inspirasjon frå naturen. "Han har også skrevet en rekke levende kjærlighetsdikt", seies det.

Eg vil tru at han, jamvel om han diktar på esperanto og førebur ei ny samling dikt på eit italiensk forlag, har med seg som sin spesielle poesiportefølgje fjellbygda, det frie livet i seterfjell og det miljøet og dei menneska han kjente som sine egne. For esperantistar vil Kjells dikt

vere eit spennande landskap som dei kan utforske i kraft av sin språklege innsikt og kunnskap. På eitt vis er eg misunneleg, slik eg alltid er i møte med kulturar eg ikkje språkleg sett er i stand til å få oppleve, så å seie frå innsida.


For å vende tilbake til utgangspunktet, Kjell Walraamoens dikt utgjer i sum karaktertrekk ved bygdesamfunnet som eg vil meine er attkjennande. Det krev sin pris å vere diktar i eit lett gjennomsynleg samfunn. Det er ikkje underleg at dei som driv med den type arbeid søker til byen, for å gjere seg anonyme og gjøemme seg blant mange. Kjell prøvde vel og på sitt viser å skaffe seg distanse til bygda og grenda, men lagnaden ville det annleis. Han vendte heim, med eller mot sin vilje. Og han skildrar kva slitet kostar, mager løn og lite ære. Så seint som den 29.12.1998 stod dette diktet i *Fjell-Ljom* med tittelen "Tegnet på heder":

*Tegnet på heder
fikk han å bære
i bringa og blodet
Som takk og til ære*

*Fikk det av futen,
paven og presten –
av slike som smykkes
med stjerner på vesten.*

*Slit hadde bøyd'n
hogd'n og herje'n
og bendt'n på knea
med skinnnet og merjen.*

*Og strofa er sann:
Kom hit åt'n nå
og mål deg me'n her.
Om du synes du kan.*



I 2013, åtte år etter at Kjell Walraamoen gjekk bort, gjeld ikkje spørsmålet mannjamning om ære, men om å få innblikk i dikt som i fleire tiår stod på prent i avisene, og var uttrykk for kjensler og stemningar, tankar og budskap frå eit grublande medmenneske. Fjellbygda var kvardag, levebrød og stengsel. I dikta sine fann Kjell av og til bitre formuleringar om einsemd og isolasjon, men også levande uttrykk for det fritt grenselause som draumen rommar og den grensesprengande krafta som ligg i vår evne til lengsel og fantasi. Derfor er det ei glede å nemne til sist at eit utval av Kjells dikt denne hausten er komen i bokform med tittelen *Frikar på heimveg*.

Kjelder:

- Kopiar av dikt og fototekstar
- Borghild Avestruz
- Per Roar Øian
- Douglas Draper, Norvega Esperantisto

Om forfattaren:

Ola Jonsmoen, f. 1932, bur i Sivildalen. Lærer på Tynset gymnas / Holmen vgs, rektor ved Holmen vgs, forfattar og kåsør.